


Dykkar ref.:

Vår ref.:
5187231Dato:
2018-11-05

Skuleveg frå Dalvegen langs Storevatnet til planlagt ny skule ved Øtrevatnet på Fiskarstranda i Sula kommune - varsel om oppstart av detaljregulering



I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 varslar Sula kommune med dette oppstart av detaljregulering av gang- og sykkelveg frå Dalvegen langs Storevatnet til planlagt ny skule ved Øtrevatnet på Fiskarstranda i Sula kommune.

Forslagsstillar er Sula kommune.
Plankonsulent er Norconsult AS.

Planen blir utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3.

Med bakgrunn i Forskrift om konsekvensutredninger (FOR-2017-06-21-854), som tredd i kraft frå 01.07.2017, er det vurdert at tiltaket ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing eller planprogram.

Planområdet

Planområdet går frå Dalvegen over markane ned mot Storevatnet, vidare langs Tranvågvegen til Lømyra og vidare vestover mot planlagt ny skule mellom Øtrevatnet og Ferdavegen.

Figur 1 Planavgrensing

Føremål

Føremålet med planen er å legge til rette for trygg skuleveg frå bustadområde ved Skjervane og Dalvegen til den planlagde skulen på Rørstad. Det vert lagt opp til at skulevegen skal vere universelt utforma og skulevegen skal lyssetast. Det er eit mål at skulevegen frå bustadområda ved Skjervane til den nye skulen på Rørstad skal vere ein naturleg veg å gå for borna til og frå skulen.

Gjeldande plan for området er reguleringsplan for Fiskarstrand, vedtatt 1987, og reguleringsplan for Rørstad vestre, vedtatt 1975.

Planprosess

Dette er i første omgang eit varsel om at planarbeidet for det nemnte prosjektet er starta opp. Har du lokale opplysningar eller synspunkt som er viktige å ta høgde for i høve det tidlege planarbeidet kan desse sendast skriftleg til Sula kommune, postboks 280, 6039 Langevåg eller post@sula.kommune.no innan **05.12.2018**.

Når vi har laga eit utkast til reguleringsplan vil denne bli lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker. Dette vil bli annonsert i Sulaposten og grunneigarar og aktuelle myndigheiter vil bli varsla pr brev. I høve offentleg ettersyn ligg planen ute fysisk på rådhuset samt på kommunen si heimeside, og det vil då vere moglegheiter for å sjå på detaljane i planen og komme med meir konkrete innspel.

Kontaktperson i Sula kommune er Per Ola Ravnå: per.ola.ravna@sula.kommune.no, tlf: 70199172.

Med venleg helsing
Norconsult AS

Robin Sætre

Vedlegg: Grunneierliste